

REGULERINGSFØRESEGNER FOR NEVERDALEN UNDER TVEITEN NORDRE , GNR. 127, BNR. 1 I TOKKE

Reguleringsføresegner. (pbl.§ 26)

Reguleringsføresmål (pbl.§25)

I planområdet er det regulert inn følgjande reguleringsføresmål:

§25.1. Byggjeområde.

§25,2, Landbruksområde.

§25.6. Spesialområde.

§25.7. Fellesområde.

Fellesføresegner.

- a) Det regulert området kan bare nyttast i samsvar med denne planen.
- b) Det skal ikkje setjast opp gjerde, hekkar eller flaggstenger i området.
- c) Renovasjonsordning for området er den til ei kvar tid gjeldande offentlege ordning.
- d) Etter at planen er godkjent er det ikkje lov å etablere private avtaler i strid med planen.
- e) Mynde til å gje unntak frå denne planen etter pbl. § 7 vert lagt til teknisk utval.

Byggjeområde.

▪ Område for fritidshytter.

- a) Det regulerte byggjeområdet skal nyttast til oppføring av fritidshytter.
- b) Tomtene kan delast frå eigedomen med oppmålt areal ikkje større enn 1 da.
- c) Hyttene skal harmonere med omgjevnadene både når det gjeld utforming materialval og farge.
- d) Takvinkelen bør vere mellom 22° og 30°, og som tekkjemateriale bør nyttast torv papp eller tre. (Evt metallplater).
- e) Hyttene skal oppførast med ei mønehøgde ikkje høgare 5,40 m over grunnmur/pilar, og ha eit areal(BRA) på maks. 120 m². Grunnmur/pilar skal normalt ikkje vere høgare enn 0,80 m. I tillegg tilhovudhytta kan det førast opp eit uthus på maks 20 m².
- f) Det er ikkje lov å leggje inn vatn i hyttene.
- g) Det er ikkje sett av punkt for felles brønn eller vasspost i planen sjølv om det er ei aktuell løysing.
- h) Vassforsyninga er eller tenkt løyst ved at det vert grave brønn for kvar einskild hytte, evt. Ved å nytte bekk i området som vasskjelde.
- i) Der det vert aktuelt med fellesløysing, kan dette skje ved graving eller boring av felles brønn i planområdet, med evt. legging av leidningar fram til vasspostar.
- j) Det vert føresett at det vert dokumentert ved søknad om byggjeløyve korleis vassforsyninga skal sikrast.
- k) Avlaup kan førast ut i grunnen ved synkegrøft, evt, synkekum.

Landbruksområde.

- a) I dette område kan det drivast tradisjonelt skogbruk, men dette bør likevel gjerast på ein slik måte at området totalt sett ikkje vert vesentleg forringa som rekreasjonsområde.
- b) Det skal ikkje førast opp hytter i dette området.
- c) Det er tillete å grave straumkablar i dette området dersom det vert aktuelt.

Spesialområde

▪ Vegar i området

- a) Veg inni området er regulert frå eksist parkeringsplass ved riksveg 45.
- b) I tillegg til nemnde veg kan det frå denne førast fram veg til dei ein skilde hytten etter avtale mellom grunneigar og tomtekjøpar (leigetakar).
- c) Planområdet går ikkje heilt ut til riksvegn, men det er regulert inn siktliner ved avkøyringa frå denne. Desse skal haldast frie for vegetasjon høgare enn 0,50 m for å få optimale siktilhøve.
- d) I avkøyringa til riksveg 45 skal det opparbeidast frisiktsoner på 6x140m i begge retningar. Det skal vera fri sikt over ei høgd på 0,5m over tilstøytande vegbane. Køyrebane på riksvegen skal vere synleg over heile sikttrekantens lengde (augehøgde 1.1m). Tiltaket skal vere gjort før ny utbygging i området tar til og skal vere godkjent av statens vegvesen.

Fellesområde.

▪ Område for felles parkeringsplassar.

- a) Der det ikkje vert veg fram til kvar einskild hytte er det sett av felles parkeringsplassar dimensjonert for 2 bilar pr. hytte.
- b) Dersom den offentlege renovasjonsordninga vert endra slik at det vert aktuelt med felles avfallsbygg, så kan dette førast opp på den felles parkeringsplassen.

Vallset, 10.06. 2006.

Nytt pkt.d) i trå med k.sak 07/021 og brev frå Statens vegvesen dagsett 30.08.2007.

Teknisk etat, 30.01.2008.